



## Informasjon til leiarar og tilsette i Stryn kommune om Koronavirus

### *Gode tilsette,*

Først ønsker eg å takke for det gode arbeidet de alle gjer i denne utfordrande situasjonen vi både som kommune og nasjon no står i. Den administrative leiinga har jobba med planlegging om mot noko vi såg kunne kome i lengre tid, men har likevel måtta nytte mykje tid dei siste dagane på sikre grunnleggande tilhøve som t.d etablering av legekontor i Stryn kulturhus, iverksetting av tiltak pålagt av nasjonale myndigheiter, planlegging av ulike scenario på kommunenivå osv.

### **Samstundes veit vi at også de har trong for oppdatert informasjon!**

I hovudsak er det heimesida til Stryn kommune som utgjør informasjonskanalen til innbyggjarane og dei tilsette. Nedst til venstre på sida er der ein eigen knapp for tilsette. Vi vil etter kvart oppdatere slik at relevant informasjon for tilsette blir å finne der.

Som de veit, er denne dugnaden sett i verk for å hindre at dei mest risikoutsette gruppene blant oss skal bli smitta av koronaviruset. Desse første dagane ventar vi at vi har fleire tilsette enn vi har bruk for når t.d. skular, kulturhus og barnehagar er meir eller mindre stengde. Dessverre ser vi for oss at vi om spreinga av viruset held fram, vil kome inn i ei periode der vi har for lite folk på enkelte plassar. Dette betyr at alle vi andre må vere villege til å omstille kvardagen i ei periode for at vi skal nå målet om færrest mogleg tilfelle av korona-smitta innbyggjarar. Eg er imponert over den evne de alle har synt i nettopp å vise fleksibilitet i denne situasjonen. I tida framover må vi alle vere innstilte på at vi på eit gjeve tidspunkt og for ei periode må utføre andre samfunnskritiske arbeidsoppgåver enn det vi gjer til dagleg. Dette vil ikkje skje vilkårleg, men etter nøye planlegging og i samarbeid med tilsette og tilsette sine organisasjonar.

Per i dag er det mange som har spørsmål relatert til kva ein gjer om ein kjenner seg litt sjuke, om ein kan ha heimekontor, om ein kan arbeide om ein har karantene, osv. Svaret på det meste ligg på heimesida. Den viktigaste budskapet er:

### **Leiar:**

- Avklar kven som må vere på arbeid og kven som kan arbeide frå heimen. Føringa er at færrest mogleg tilsette skal vere til stades samstundes på arbeidsplassen. Leiar set opp ein målretta rulleringsmodell. Dette er ein situasjon som kan vare lenge. Då må vi rigge oss slik at vi har krefter og tilgang på fagkompetanse over tid til å møte nettopp eit slikt scenario.
- Tilsette som er sjuke kan nytte eigenmelding i 16 dagar i denne perioden.
- Som leiar er det no viktig å involvere (plass)tillitsvalde. Dei tilsette ønskjer å gjere sin del av dugnaden, og god kommunikasjon med fagforeiningane er sentralt for å få dette til.
- Som leiar har du i ein periode framover ekstra stort ansvar for å ta avgjerder som gjeld for tilsette du har ansvar for. Hugs at det er lov å gjere feil. Det som ikkje er lov, er å gjere ingenting.

**Tilsette:**

- Ha god dialog med din næraste leiar som er tilgjengeleg.
- Dersom du kjenner deg sjuk, er du heime. Kan du arbeide frå heimen, er det ein tilnærma normalsituasjon. Om du har små born heime som krev ekstra merksemd frå deg i ein periode du har heimekontor, kan du enten jobbe inn igjen tapt arbeidstid på ettermiddag eller så langt som mogleg oppretthalde vanleg drift på trass av at fokuset tidvis må vere retta mot borna.
- Dersom du ikkje kan arbeide grunna sjukdom, tek du ut eigenmelding. I ei tid framover kan tilsette i Stryn kommune nytte 16 eigenmeldingsdagar utan legemelding.
- Dersom du har sjuke born, eller må vere heime og passe born som er heime grunna stengde skular/barnehagar og du ikkje får ordna anna pass, nyttar du omsorgspengar (eigenmelding sjuke born).
- Det er **ikkje** opp til kvar enkelt å bestemme at ein tek seg fri og blir heime. Dette **skal** avklarast med leiar.

Det vil kome ut eit eige skriv frå HR/personal som klargjer reglane for dette.

Reglane for kompensasjon vil verte endra etter kvart som regjering og storting gjer vedtak om dette.

Saman skal vi først klare å avgrense, deretter å stoppe, utbreiinga av viruset. Dette kan ta tid og vi må difor organisere oss slik at vi har krefter til å stå løpet heilt i mål. Det tyder at vi no set ned farta på Stryn kommune slik farta blir sett ned i heile Noreg. Det betyr at vi ikkje får, eller kan gi, alle svar på vanleg måte. Vårt mål er likevel at vi skal klare å svare på dei viktigaste spørsmåla og å løyse dei viktigaste oppgåvene gjennom heile den perioden vi har framfor oss.

Den innsatsen de som tilsette har synt, og syner no, er formidabel og heilt sentral for innbyggjarane i Stryn. Difor vil eg til slutt takke leiarar og tilsette for det pågangsmotet og den viljen alle har synt desse første dagane.

No er jobben å stå løpet heilt ut!

Rune

**Rune Hovde**

Kommunedirektør

Tlf. 57 87 47 11/ Mob. 906 40 051

[rune.hovde@stryn.kommune.no](mailto:rune.hovde@stryn.kommune.no)

